

Årsmelding for tysdagsmøta 2018

Våren 2018 var det møte ca annankvar tysdag. På dei fleste møta var det lokale talarar som hadde bibeltimar. Det er naudsynt å få Guds ord lagt ut, å få fordjupa seg i tekstane. Siste møtet i vårsemesteret var dele – og songmøte.

Overskrifta for haustsemesteret var Medvandring. I tillegg til lokale talarar, var det besøk av Ø. Benestad, Stig Magne Heitmann, Hans Arne Børsheim og Rollaug H. Waaler. I oktober hadde Øyvind Kleven songmøte.

I siste del av møta har det vore plass for å koma med innlegg, stilla spørsmål og for forbønn. Det har vore godt frammøte på tysdagsmøta.

Etter møtet har mange stoppa igjen for kveldsmat. Då har det vore gode samtalar rundt borda.

Takk til alle som har delteke, pianistar, teknikkarar, songarar og dei som har kome med smørbrødsfat!

For komiteen, Kjellun Norheim